



Arkivnr: 2019/833-26

Saksbehandlar: Terje Haugsgjerd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019

Tilskot integreringsprosjektet Rom for møte 2019-2020

Samandrag

Ordninga har som formål å bidra til mangfald og betre integrering i Hordaland ved å ta i bruk felles arenaer og aktivitetar der minoritetsspråklige kan møte lokale innbyggjarar på ein likeverdig måte rundt felles interesser ved hjelp av biblioteka i Hordaland.

Generelt

Budsjett 2019:	237 500 kroner
Søknadsfrist 2019:	15.mars
Vedtak kriteria:	KIRU 18.01 PS 10/2019
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

Søknader 2019

Tal på søknader:	15 søknader
Tal på søknader som er tilrådd støtte	14 søknader
Samla søknadssum:	495 131 kroner
Tilrådd til fordeling:	243 500 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

I arbeidet med å etablere Vestland som ny region er det lagt opp til at fylkeskommunen skal styrkjast med tiltak og satsingar på integreringsområdet. Inkludering har vore ei av hovudsatsingane i gjennomføring av Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, med mål om at kulturlivet i Hordaland skal vere prega av mangfald, likeverd og likestilling.

Hordaland fylkesbibliotek har saman med Bergen Offentlige Bibliotek og Det Felles Innvandrerråd i Hordaland blitt tildelt 1 420 000 kroner frå Gjensidigestiftelsen til integreringsprosjektet *Rom for møte 2019-2020*. Prosjektet har som føremål å bidra til mangfald og betre integrering mellom nordmenn og innvandrarar i Hordaland ved å ta i bruk felles arenaer og aktivitetar knytt til bibliotek. I prosjektet vil ein auka samarbeidet med lokale organisasjonar og institusjonar for å utvikle tiltak og arrangement knytt til integrering. Gjennom *Rom for møte* kan kommunale folkebibliotek i Hordaland søkje om midlar til lokal integreringsaktivitet.

Prosjektet byggjer vidare på *Rom for møte 2017-2018* der det blei delt ut støtte til 15 prosjekt i Hordaland utanom Bergen på totalt 358 000 kroner. Attverande 6 000 kroner, vert overført til ny prosjektperiode.

Hordaland fylkeskommune har totalt 243 500 kroner tilgjengelig for utdeling til kommunane utanom Bergen i 2019.

Det er positivt at så mange som 14 kommunane søkte om midlar for 2019. Søknadene er gode og følgjer i hovudsak kriteria i ordninga. I vurderinga er det tatt omsyn til om tiltaket er i tråd med føremålet med ordninga, heilskap knytt til aktivitet, samarbeidspartnarar og budsjett. Ut frå erfaringar frå *Rom for møte 2017-2018* om bruken av midlar, og eit ønskje om å støtte flest mulige prosjekt, har fleire av søknadsbudsjetta blitt nedjustert.

Interessa for Rom for møte-prosjektet synleggjer korleis bibliotek kan spele ei viktig lokal rolle for å oppnå politiske målsetjingar innan inkludering, integrering og utjamning av digitale skilnader, som bygger vidare på sak om Folkebiblioteka som integrering- og læringsarenaer KIRU 22.03 2017 (PS 43/2017).

Økonomi: Tiltaket blir løyst innanfor vedteke budsjett for 2019.

Klima: Saka har ikkje relevans for klimaavtrykk.

Folkehelse: Tiltaket følgjer opp delmål i Regional plan for folkehelse 2014 – 2025.

Regional planstrategi: Tiltaket følgjer opp innsatsområde i Regional kulturplan 2015 – 2025.

Forslag til vedtak

1. Attverande midlar for *Rom for møte 2017-2018* 6000 kroner vert overført til ny prosjektperiode.
2. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 243 500 kroner over budsjettpost 400.340.00, slik:

	Søkjjar	Namn på tiltaket	Tilråding
1	Prophetic and Healing Ministry (privat søkjjar)	Prophetic and Healing Ministry	Avslag
2	Askøy folkebibliotek	Språkkaféar og norsktrening	15 000
3	Austevoll folkebibliotek	Vennskap og kjennskap	15 000
4	Etne bibliotek	Rom for møte 2019 Etne	8 000
5	Fedje folkebibliotek	Kafé internasjonal	10 000
6	Fitjar folkebibliotek	Makerspace Fitjar	7 000
7	Kulturbanken, Granvin folkebibliotek	Innføring i lokal tradisjonskultur og tiltak for norskopplæring og integrering	20 000
8	Kvinnherad bibliotek	Me spelar på plag	15 000
9	Lindås bibliotek	Å jobbe i Noreg	28 500
10	Osterøy bibliotek	Rom for møte på Osterøy	20 000
11	Samnanger folkebibliotek	Rom for møte; fleire møter og nye forteljingar	15 000
12	Stord folkebibliotek	Rom for møte - digitalt folkeverkstad	20 000
13	Sund folkebibliotek	Dørøpnar til språk og historie	25 000
14	Ulvik folkebibliotek	Rom for møte	20 000
15	Voss bibliotek	Med biblioteket som arena, kulturformidling på arabisk og thai i Voss bibliotek.	25 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Oversyn søknader. Rom for møte 2019-2020